



Askøy kommune
v/ Leiar samfunnsmedisinsk avdeling
kommuneoverlege Christian Redisch

Dato: 14.12.2015
Vår ref.: 2015/6388-31
Saksbehandlar: elsaaro1
Dykkar ref.:

Deltaking i prosjekt Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland - positivt svar på søknad og utbetaling av prosjektmidlar

Viser til søknad frå Askøy kommune i juli 2015 om deltaking som eksempelkommune i Hordaland i utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015-17. Vi har den glede å melde at Askøy kommune er utvald som deltakarkommune på grunnlag av søknad og etter ei heilskapleg vurdering. Sju kommunar søkte om deltaking i Hordaland.

Nasjonalt er 8 fylkeskommunar deltakarar i utviklingsarbeidet, og totalt er 40 ulike kommunar inne i samarbeidet. Hordaland fylkeskommune fekk brev om tilskot på kr 2. mill. for 2015 i slutten av oktober 2015. Midlane er løyvde over statsbudsjettet kap. 719, post 60. Fylkeskommunen er prosjektansvarleg for prosjektet i Hordaland. Det er også muntleg formidla frå Helse- og omsorgsdepartementet at dei søker om nye budsjettmidlar for 2016. Fylkeskommunane/kommunane må søkje på desse nye midlane hausten 2016. Måloppnåing og planar vidare vil vere avgjerande for ny tildeling for 2016/2017.

I Hordaland er kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord valde ut til å delta i prosjektet. Helsedirektoratet set krav om samarbeidsavtale mellom kommunane og fylkeskommunen. Fylkeskommunane er i gong med å utvikle slik avtale etter felles mal. Innhald i ei avtale vil vere mellom anna forankring og fundament for samarbeidet, føremål (mål og delmål), strategi (samarbeidsfora, erfaringsdeling og kompetansebygging), plikter særleg knytt til økonomi/administrasjon, rekneskap og rapportering, lengd på samarbeidet og anna. Vi tek sikte på at slik avtale er på plass i februar 2016. Hordaland fylkeskommune er som prosjekteigar også ansvarleg for rapportering på både økonomi og resultat. Det skal utarbeidast rammer og rutinar for slik rapportering.

Delar av midlane skal vidare utbetalast til kommunane til utviklingsarbeidet kommunen har skissert i søknaden sin. Kartlegging og utviklingsarbeidet skal primært skje i kommunane. I Hordaland er det sett av kr 350 000.- til utbetaling til kvar kommune til det lokale arbeidet. Nokre av kommunane vil nytte delar av midlane til prosjektmedarbeidar. Vi utbetalar derfor heile tilskotsbeløpet no sjølv om samarbeidsavtalen formelt ikkje er på plass.

Ved retur av vedlagt akseptskjema aksepterer Askøy kommune både deltaking i prosjektsamarbeidet og at det skal inngåast samarbeidsavtale.

Håper de kan returnere skjemaet [raskast mogeleg](mailto:hfk@hfk.no) til hfk@hfk.no og med kopi direkte til else-marie.aaro@hfk.no og seinast 31. 12. 15.

Som prosjekteigar for prosjektet i fylket ser eg fram til å samarbeide med di kommune om dette kartleggings- og utviklingsarbeidet.

Med ønskje ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Vedlegg: Akseptskjema

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bengt Age Sørby Borge